



*Estrellita Cometa Rauan*

**Undersøking om  
foreldrebetaling i barnehagar,  
august 2006**

Notater

# Innhald

<b>1. Samandrag</b> .....	<b>2</b>
<b>2. Generelt om undersøkinga</b> .....	<b>3</b>
<b>3. Om tabellane</b> .....	<b>4</b>
<b>4. Definisjonar</b> .....	<b>5</b>
<b>5. Spesielle merknader</b> .....	<b>5</b>
<b>6. Takstane for kommunale barnehagar</b> .....	<b>6</b>
6.1 Månadssatsane på landsbasis.....	6
6.2 Månadssatsane for hushald med brutto årsinntekt på 250 000 kroner.....	6
6.3 Månadssatsane for hushald med brutto årsinntekt på 375 000 kroner.....	7
6.4 Månadssatsane for hushald med brutto årsinntekt på 500 000 kroner.....	7
6.5 Minimum og maksimum betalingssatsar .....	8
6.6 Årsbetaling på landsbasis .....	8
6.7 Årsbetaling på regionsnivå .....	9
6.8 Betalingssystem .....	10
6.9 Rabatt/friplass .....	10
6.10 Syskenmoderasjon .....	10
6.11 Kor mange gonger i året det blir betalt .....	10
6.12 Mat-/kostpengar .....	10
6.13 Eigne betalingssatsar for barn under 3 år .....	10
<b>7. Takstane for private barnehagar</b> .....	<b>11</b>
<b>8. Samanlikning av private og kommunale barnehagar</b> .....	<b>12</b>
<b>Vedlegg</b> .....	<b>13</b>
<b>Dei sist utgitte publikasjonane i serien Notater</b> .....	<b>44</b>

## 1. Samandrag

Gjennomsnittlege månadssatsar for august 2006 for heildagsplass i kommunale barnehagar for hushald med brutto årsinntekt på 250 000, 375 000 og 500 000 kroner, er på landsbasis respektive **1 888**, **2 169** og **2 225** kroner. Satsane for brutto årsinntekt på 250 000 kroner er **6,1** prosent lågare i august 2006 enn i januar 2006, medan satsane for brutto inntektsnivå på 375 000 og 500 000 kroner er respektive **1,3** og **1,4** prosent lågare i same periode. Minimumssatsen utan kost er i snitt **1 263** kroner i august 2006, medan maksimumssatsen er **2 249** kroner i same periode.

For hushald med ei årsinntekt på 250 000 kroner er betalingssats på **2 250** kroner i 75 av 109 kommunar. Lågaste betalingssatsar har Larvik, Årdal og Stavanger med høvesvis **750**, **800** og **810** kroner. For hushald med årsinntekt på 500 000 kroner er den lågaste betalingssatsen registrert i Stavanger med **1 530** kroner. Variasjonen i foreldrebetalinga mellom kommunane er mindre dess høgare inntektsnivået er.

Gjennomsnittleg årsbetaling har falt minst for familiar som betaler minimumssats i august 2006 grunna fleira faktorar blant anna innføring av flate satsar og auka kost pengar.

Årsbetalinga i private barnehagar er høgare enn i kommunale barnehagar i 3 regionar og størst forskjell er i Agder/Rogaland.

## 2. Generelt om undersøkinga

Denne rapporten er laga av Statistisk sentralbyrå (SSB) på oppdrag frå Barne- og familiedepartementet ved Familie- og barnehageavdelinga. SSB har i oppdrag å gjennomføre ei utvalsundersøking av foreldrebetalinga for heildagsopphald i kommunale og private barnehagar i januar og august kvart år. Datainnsamlinga vart gjennomført i august 2006 og arbeidet med datamaterialet vart avslutta i oktober 2006.

Undersøkinga og rapporten omhandlar heildagsopphald for barn over 3 år i kommunale og private barnehagar.

Dei utvalde kommunane vart bedne om å gje følgjande opplysningar om kommunale barnehagar per august 2006:

- dokumentasjon over betalingssatsar og reglar,
- eventuell moderasjon for første sysken,
- eventuelle kostpengar i tillegg til opphaldsbetalinga,
- talet på månader foreldra betaler,
- eventuell rabatt-/friplassordning.

I dokumentasjonen finn SSB betalingssatsar for barn over 3 år med heildagsplass i kommunal barnehage for hushald med dei tre inntektsnivåa 250 000, 375 000 og 500 000, i tillegg til minimumssatsar og maksimumssatsar. Dei ulike inntektsnivåa representerer punktobservasjonar ikkje intervall.

SSB har teke imot opplysningar frå alle kommunane som vart trekte til utvalet, i alt 109 kommunar, det vil seie frå Oslo og 6 kommunar frå kvart av dei andre 18 fylka. Dette tilsvarer om lag ein fjerdedel av kommunane i landet og omfattar nesten to tredjedelar av dei kommunale heildagsplassane i landet for barn mellom 3 og 5 år.

Kommunane i landet er delt inn etter bestemte kriteria. Første kriterium er fylke, kor det er trekt 6 kommunar innan kvart fylke (ser bort frå Oslo som er eit eige område). I tillegg er det lagt vekt på å sikra ein representasjon av både tett- og spredtbygde strøk.

Utvalet av private barnehagar består av i overkant av 170 barnehagar som er trekte frå dei fem regionane Austlandet, Agder/Rogaland, Vestlandet, Trøndelag og Nord-Noreg. Dei private barnehagane vart bedne om å gje følgjande opplysningar for august 2006:

- betalingssats for heildagsopphald,
- eventuell moderasjon for første sysken,
- eventuelle kostpengar i tillegg til opphaldsbetalinga,
- talet på månader foreldra betaler.

### 3. Om tabellane

Dei seks fyrste tabellane omhandlar kommunale barnehagar. Berre tabell 7 omfattar private barnehagar. I undersøkinga er gjennomsnittssatsane vekta. I utrekningar av gjennomsnitt blir også null inkludert som pris.

Tabell 1 Oversiktsdata for undersøkinga. Tabellen gir ei fylkesvis oversikt over førekomsten av nokre kjennemerke i undersøkinga, det vere seg talet på kommunar i undersøkinga, inntektsgraderte satsar, syskenmoderasjon, eigne betalingssatsar for barn under 3 år, talet på betalingsmånader og kostpengar.

Tabell 2a Gjennomsnittlege månadssatsar for fylke og bruttoinntekt. Tabellen inneheld gjennomsnittlege månadssatsar etter fylke og på landsbasis for august 2005 og 2006, og prosentvis endring i månadssatsane.

Tabell 2b Gjennomsnittleg årsbetaling for fylke og bruttoinntekt. Tabellen inneheld gjennomsnittstal for årsbetalinga etter fylke og på landsbasis for august 2005 og 2006, og prosentvis endring i årsbetalinga.

Tabell 2c Gjennomsnittlege månadssatsar og årsbetaling etter bruttoinntekt, viser gjennomsnittstal for heile landet for januar 2006 og august 2006, og prosentvis endring.

Tabell 3 gir ei oversikt over satsar og betalingsvilkår i august 2006 for utvalskommunane innan kvart fylke, samt utrekna årsbetaling for hushald med eit og to barn i barnehage. I tillegg er det rekna ut gjennomsnittlege augustsatsar og årsbetaling i fylket. Årsbetalinga er ein utrekna storleik gitt at augustvilkåra blir haldne uendra.

Tabell 4 Årsbetaling etter region og bruttoinntekt. Tabellen viser gjennomsnittleg årsbetaling for hushald med dei tre inntektsnivåa i tillegg til minimums- og maksimumssatsar både for eit og to barn i barnehage.

Tabell 5 Gjennomsnittlege månadssatsar og årsbetaling etter bruttoinntekt. 1998-2006. Tabellen viser utviklinga i månads- og årsbetaling frå januar 1998 til august 2006. Gjennomsnittssatsane for august 2006 og tilbake til januar er 2002 vekta. Tidlegare blei gjennomsnittsutrekningar vorte gjort med simpelt snitt.

Tabell 6 Oversiktsdata for kommunale barnehagar. 1998-2006 Tabellen gir ei oversikt over utviklinga i førekomsten av nokre kjennemerke i undersøkinga, det vere seg talet på kommunar i undersøkinga, inntektsgraderte satsar, syskenmoderasjon, eigne betalingssatsar for barn under 3 år og kostpengar.

Tabell 7 Månads- og årsbetaling etter region for private barnehagar. Tabellen opplyser om gjennomsnittleg månads- og årsbetaling for hushald med barn i privat barnehage for august 2005 og august 2006, samt prosentvis endring i satsane.

## 4. Definisjonar

Heildagsopphald: er den opphaldstida som kommunane til kvar tid definerer som heildagsopphald, som i all hovudsak er 41 timar per veke eller meir.

Inntektsgradering er dei satsane som er avhengig av foreldra si inntekt. Dette kan også omfatte ordningar med redusert foreldrebetaling eller friplassar gjennom barnehagens ordinære betalingssystem. Ordningar med redusert foreldrebetaling eller friplassar gjennom andre organ fell utanfor definisjonen.

Friplass er det som kommunane til kvar tid definerer som friplass. Den kan vere gjennom barnehagens ordinære betalingssystem eller andre organ i kommunane. Ulike vilkår kan liggje til grunn for friplassane.

Minimumssats er den lågaste satsen kommunen har spesifisert i sitt betalingssystem. Minimumssatsane i denne undersøkinga er ikkje knytt opp mot eit spesifikt inntektsnivå da dette varierer frå kommune til kommune.

Maksimumssats: er den høgaste satsen kommunen har spesifisert i sitt betalingssystem. Maksimumssatsane i denne undersøkinga er ikkje knytt opp mot eit spesifikt inntektsnivå da dette varierer frå kommune til kommune.

## 5. Spesielle merknader

Rapporten gir prisar og føresetnader hovudsakleg for barn over 3 år same kva type barnehage (vanleg barnehage, familiebarnehage). I dei tilfella ein kommune tek høgare pris for barn under 3 år, er det gjort merknad om dette i fotnote til tabellen. Vidare er det opplyst i fotnote i kva fall kommunen opererer med nettoinntekt framfor bruttoinntekt når dei fastset foreldrebetalinga.

Augustsatsane og utrekna årsbetaling i tabellane representerer punktobservasjonar for inntektsnivåa som blir nytta, ikkje intervall.

I kommunar med inntektsavhengig foreldrebetaling kan det liggje ulike definisjonar av inntekt til grunn for fastsetjing av foreldrebetalinga. I tillegg har kommunane svært ulike system i forhold til kost og kostpengar. I den grad det er mogleg blir kostpengar skilt ut frå månadsatsen. Men i nokre tilfelle er kostpengar inkludert i månadsatsen og derfor ikkje mogleg å skilje ut. Dette fører til at samanlikningar av takstnivået mellom kommunar, fylke og regionar er vanskelig, men mindre vanskelig dess høgare nivå vi gjer samanlikningar på. Det er vanleg at kommunane regulerer barnehagesatsane med verknad frå 1. januar og/eller 1. august, og ved vedtak frå Stortinget. Satsane og vilkåra i denne undersøkinga er dei som gjaldt i august 2006.

SSB gjer merksam på at nokre data frå tidlegare målingar kan ha vorte endra i ettertid som ei følge av nye opplysningar. I tillegg er gjennomsnittssatsane for august 2006 og tilbake til januar 2002 vekta, i motsetnad til tidlegare gjennomsnittsutrekningar som har vorte gjort med simpelt snitt.

Gjennomsnittstala i tabellane kan derfor avvike noko frå kva som har vorte publisert tidlegare.

## 6. Takstane for kommunale barnehagar


### 6.1 Månadssatsane på landsbasis

Med brutto årsinntekt på 250 000, 375 000 og 500 000 kroner er dei gjennomsnittlege månadssatsane for august 2006 for heildagsplass i kommunale barnehagar, på landsbasis respektive **1 888**, **2 169** og **2 225** kroner. Satsane for brutto årsinntekt på 250 000 kroner er **6,1** prosent lågare i august 2006 enn i januar 2006, medan satsane for brutto inntektsnivå på 375 000 og 500 000 kroner er respektive **1,3** og **1,4** prosent lågare i same periode. Minimumssatsen utan kost er i snitt **1 263** kroner i august 2006, medan maksimumssatsen er **2 249** kroner i same periode. Tala er illustrerte i tabell 2a og 2c i vedlegget. Betalingssatsane omtalt her er vekta gjennomsnitt. Vektgrunnlaget består av talet på barn mellom 3 og 5 år med heildagsplass i kommunal barnehage.

### 6.2 Månadssatsane for hushald med brutto årsinntekt på 250 000 kroner

For hushald med ei årsinntekt på 250 000 kroner er høgaste betalingssats på **2 250** kroner, som er maksimalt sats i 6 av 19 fylke. Høg betalingssats for låginntektsgrupper kan mellom anna ha samanheng med foreldrebetalingssystemet kommunane har valt. Kommunane innan desse fylka nyttar i liten grad betalingssatsar som er avhengige av inntekta til hushaldet. Difor er det liten prisskilnad for ein barnehageplass same kva hushaldet tener. Tilsvarende blir prisen for barnehageplassar for foreldre med låg inntekt lågast i fylka som er prega av inntektsavhengige. Lågaste betalingssatsar har Rogaland med **1 165** kroner og Vestfold med **1 271** kroner. Tala er illustrerte i figur 1, samt i tabell 2a i vedlegget.


Figur 1. Gjennomsnittleg månadsbetaling for eit barn i kommunal barnehage.  
Brutto årsinntekt på 250 000 kroner. August 2006.



### 6.3 Månadssatsane for hushald med brutto årsinntekt på 375 000 kroner

Betalingssatsar for hushald med årsinntekt på 375 000 kroner ligg over 2 000 kroner for dei fleste fylka, sjå figur 2. Dei lågaste betalingssatsane har Rogaland og Vestfold med høvesvis 1 475 og 1 833 kroner.

Figur 2. Gjennomsnittleg månadsbetaling for eit barn i kommunal barnehage.  
Brutto årsinntekt på 375 000 kroner. August 2006.




### 6.4 Månadssatsane for hushald med brutto årsinntekt på 500 000 kroner

Variasjonen i foreldrebetalinga mellom fylka er mindre dess høgare inntektsnivået er, sjå figur 3. For hushald med årsinntekt på 500 000 kroner er den lågaste betalingssatsen registrert i Rogaland med 1 863 kroner.



Figur 3. Gjennomsnittleg månadsbetaling for eit barn i kommunal barnehage.  
Brutto årsinntekt på 500 000 kroner. August 2006.



### 6.5 Minimum og maksimum betalingsatsar

Satsane som blir omtalt i dette avsnittet er dei lågaste og høgaste gjennomsnittlege månadssatsar for dei ulike fylka og er illustrerte i tabell 2a. Minimums- og maksimumssatsane i denne undersøkinga er ikkje knytt opp mot eit spesifikt inntektsnivå då dette varierer frå kommune til kommune. Det er store variasjonar i foreldrebetalinga avhengig av om kommunane nyttar inntektsgradering i betalingssystemet. Dei lågaste minimumssatsane har Rogaland, Vestfold og Akershus med høvesvis **379**, **659** og **694** kroner. Nordland og Oppland har den høgaste minimumssatsen med **2 250** kroner.

I alt 15 av dei 19 fylka har ein maksimumssats på akkurat **2 250** kroner. Troms har den lågaste maksimumssatsen med **2 233** kroner. Den høgaste maksimumssats har Finnmark med **2 251** kroner.

### 6.6 Årsbetaling på landsbasis

Forutan månadssatsane er storleiken på årsbetalinga for eit barn i barnehage avhengig av kostpengar og talet på betalingsmånader. Årsbetalinga for to barn er i tillegg avhengig av storleiken på ein eventuell syskenmoderasjon. Med brutto årsinntekt på 250 000 er årsbetalinga på landsbasis for hushald med eit barn i barnehage i gjennomsnitt **21 780** i august 2006, ein nedgang på **18,4** prosent frå august 2005. For hushald med brutto årsinntekt på 375 000 og 500 000 kroner er årsbetalinga med eit barn i barnehage i gjennomsnitt **24 868** og **25 482** kroner. I forhold til same inntektsnivå ligg årsbetalinga høvesvis **18,3** and **17,7** prosent lågare i august 2006 enn i august 2005. Tala er illustrerte i tabell 2b i vedlegget.

For tilsvarende bruttoinntekter er årsbetalinga på landsbasis for hushald med to barn i barnehage i gjennomsnitt respektive **37 114**, **42 298** og **43 319** kroner. I forhold til satsane i august 2005 ligg årsbetalinga for dei tre inntektsnivåa høvesvis **17,8**, **17,7** og **17,2** prosent lågare i august 2006. Årsbetalinga for hushald med to barn i barnehage har mindre auking i årsbetalinga som for hushald med eit barn grunna nedgang i søskenmoderasjon.

Årsbetalinga falt minst for familiane som betaler minimumssats i august 2006 grunna ulike faktorar blant anna innføring av flate satsar og auka kostpengar.


### 6.7 Årsbetaling på regionsnivå

Tabell 4 i vedlegget visar årsbetaling etter region og bruttoinntekt. For hushald med årsinntekt på 250 000 kroner har Agder/Rogaland den lågaste årsbetalinga med **15 363** kroner for eit barn og **26 344** kroner for to barn i barnehage. Den høgaste årsbetaling for hushald med same årsinntekt har Trøndelag kor årsbetalinga er **26 568** kroner for eit barn og **45 638** kroner for to barn i barnehage.

For hushald med årsinntekt på 500 000 kroner varierer årsbetalinga med **23 022** kroner i Agder/Rogaland og **26 568** kroner i Trøndelag for eit barn i barnehage. Med to barn i barnehage varierer årsbetalinga mellom **39 354** kroner i Agder/Rogaland og **45 638** kroner i Trøndelag.

Den lågaste minimumssatsen har Agder/Rogaland med **8 370** kroner for eit barn i barnehage på årsbasis og **14 493** kroner for to barn. Trøndelag har den høgaste minimumssatsen både for eit og to barn i barnehage med respektive **26 268** kroner og **45 127** kroner.

Figur 4. Gjennomsnittleg årsbetaling for eit barn i kommunal barnehage etter region og samla brutto årsinntekt, og minimums- og maksimumssatsar. August 2006.



## **6.8 Betalingssystem**

78 av 109 kommunar har "flate" månadssatsar, det vil seie at satsen ikkje er differensiert etter hushaldet si inntekt. Dei andre kommunane har inntektsgraderte månadssatsar. Nokre av desse kommunane graderer betalingssatsane etter Folketrygdas grunnbeløp. Etersom grunnbeløpet blir oppjustert kvart år, vil eit hushald med konstant inntekt før eller sidan få lågare opphaldsbetaling. Friplass og redusert foreldrebetaling som blir tilbudd hushald med lav inntekt gjennom barnehagens ordinære betalingssystem er i denne undersøkinga også definert som inntektsgradert betalingssystem. Ordningar med redusert foreldrebetaling eller friplass gjennom andre organ fell utanfor definisjon.

## **6.9 Rabatt/friplass**

103 av kommunane i utvalet byr friplassar, økonomisk hjelp eller rabatt, medan det var bare 81 i august 2005. Dette tilsvarer om lag 94 prosent av utvalet. Om lag 11 prosent av desse kommunane tilbyr friplassar gjennom det ordinære betalingssystemet sitt. Rundt 72 prosent av kommunane tilbyr friplass etter særskilt behandling, gjennom sosialkontor, barnevarnsnemnd eller skulekontor. I overkant av 60 prosent av kommunar tilbyr redusert betaling i samarbeid med andre organ. Dei resterande 6 kommunane har inga rabattordningar og 1 svarte ikkje, medan det var 15 kommunar i august 2005 med inga rabattordningar.

## **6.10 Syskenmoderasjon**

Alle kommunane i utvalet gir syskenmoderasjon. Det er 19 kommunar som gir 50 prosent syskenmoderasjon til barn nummer to, medan det i august 2005 var 22. Det er 9 kommunar som byr 40 prosent og 1 kommune med 15 prosent i syskenmoderasjon. I hovudsak gir kommunane ikkje syskenmoderasjon på mat-/kostpengar.

## **6.11 Kor mange gonger i året det blir betalt**

I utvalet har alle dei 109 kommunar som har foreldrebetaling for heilårsopphald fordelt på 11 månadlege betalingar.

## **6.12 Mat-/kostpengar**

86 av 109 kommunar krev inn mat-/kostpengar separat mot 77 i august 2005. Undersøkinga tek berre omsyn til dei tilfella kor mat-/kostpengar blir spesifisert nærmare. I undersøkinga er det ikkje teke med kostpengar som er avtalt direkte mellom den enkelte barnehagen og dei føresette. Dette fører til at samanlikningane av månadssatsane og årsbetaling mellom kommunar, fylke og regionar kan vere noko usikre.

## **6.13 Eigne betalingssatsar for barn under 3 år**


3 kommunar i utvalet har egne betalingssats for barn under 3 år i august 2006.

## 7. Takstane for private barnehagar

For august 2005 og august 2006 er det rekna ut landsgjennomsnitt der dei ulike regionane er vekta saman på bakgrunn av talet på barn mellom 3 og 5 år i private barnehagar. Innan regionane er det teke eit simpelt gjennomsnitt.

Den gjennomsnittlege månadssatsen i private barnehagar på landsbasis er **2 241** kroner per august 2006. Dette er ein nedgang på heile **15,2** prosent frå august 2005. Satsane varierer mellom dei ulike regionane frå **2 186** kroner i Trøndelag til **2 261** kroner i Agder/Rogaland. Talla er illustrerte i tabell 7 i vedlegget.

Figur 5. Gjennomsnittleg årsbetaling for eit barn etter region og betalingsår. Private barnehagar. August 2005 og august 2006.



For hushald med eit barn i barnehage varierer årsbetalinga i private barnehagar for august 2006 mellom **23 219** kroner i Nord-Noreg og **26 533** kroner på Agder/Rogaland. Den gjennomsnittlege årsbetalinga for heile landet er **25 643** kroner i august 2006, som er ein nedgang på **16,2** prosent frå august 2005. Tala er illustrerte i tabell 7 i vedlegget.

For hushald med to barn i barnehage ligg årsbetalinga mellom **39 545** kroner i Nord-Noreg og **45 379** kroner på Agder/Rogaland. På landsbasis er gjennomsnittssatsen **43 789** kroner, ein nedgang på **16,5** prosent frå same tid i fjor.


## 8. Samanlikning av private og kommunale barnehagar

I figur 6 har vi samanlikna gjennomsnittleg årsbetaling for eit barn i private barnehagar med årsbetalinga i kommunale barnehagar for dei ulike inntektsnivåa.

Årsbetalinga i private barnehagar er høgare enn i kommunale barnehagar i 3 regionar og størst forskjell er i Agder/Rogaland.

For hushald med eit barn i barnehage og brutto årsinntekt på 250 000 kroner i Agder/Rogaland og på Austlandet, er årsbetalinga for kommunale barnehagar vesentleg lågare enn i private barnehagar med respektive **54,5** og **27,5** prosent. Årsaka til dei store skilnadene mellom satsane i private og kommunale barnehagar for ein hushald med brutto årsinntekt på 250 000 kroner er mellom anna meir utbreidd bruk av inntektsgraderte betalingssystem i kommunale barnehagar enn i dei private barnehagane.

Figur 6. Gjennomsnittleg årsbetaling for eit barn etter region, barnehagetype og hushaldet si samla brutto årsinntekt. August 2006.



## Vedlegg

Tabell 1 Oversiktsdata for undersøkinga

Fylke	Talet på kommunar i fylket						
	med i undersøkinga	med inntektsgraderte månads-satsar	med egne satsar for barn under 3 år	med flate månads-satsar	med syskenmoderasjon	som bruker kost-pengar	med 11 betalings-månader
Østfold	6	1	0	5	6	6	6
Akershus	6	5	0	1	6	5	6
Oslo	1	1	0	0	1	0	1
Hedmark	6	0	0	6	6	5	6
Oppland	6	0	0	6	6	6	6
Buskerud	6	2	0	4	6	5	6
Vestfold	6	3	0	3	6	5	6
Telemark	6	4	0	2	6	5	6
Aust-Agder	6	2	1	4	6	4	6
Vest-Agder	6	5	0	1	6	5	6
Rogaland	6	3	0	3	6	5	6
Hordaland	6	2	0	4	6	2	6
Sogn og Fjordane	6	1	0	5	6	4	6
Møre og Romsdal	6	0	0	6	6	4	6
Sør-Trøndelag	6	1	0	5	6	6	6
Nord-Trøndelag	6	0	0	6	6	5	6
Nordland	6	0	0	6	6	4	6
Troms	6	0	1	6	6	5	6
Finnmark	6	1	1	5	6	6	6
<b>I alt</b>	<b>109</b>	<b>31</b>	<b>3</b>	<b>78</b>	<b>109</b>	<b>87</b>	<b>109</b>
<b>I alt i prosent</b>		<b>28,4</b>	<b>2,8</b>	<b>71,6</b>	<b>100,0</b>	<b>79,8</b>	<b>100,0</b>

Tabell 2 a Gjennomsnittlige månedssatsar for fylke og bruttoinntekt

Fylke	Månadssats, utan kost				
	Bruttoinntekt kr.				
	Min	250000	375000	500000	Maks
<b>Østfold</b>					
aug.05	1996	2527	2750	2750	2750
aug.06	1637	1637	2250	2250	2250
<b>Pst. endring</b>	<b>-18,0</b>	<b>-35,2</b>	<b>-18,2</b>	<b>-18,2</b>	<b>-18,2</b>
<b>Akershus</b>					
aug.05	828	2406	2674	2750	2750
aug.06	694	1439	2188	2250	2250
<b>Pst. endring</b>	<b>-16,2</b>	<b>-40,2</b>	<b>-18,2</b>	<b>-18,2</b>	<b>-18,2</b>
<b>Oslo</b>					
aug.05	750	2000	2750	2750	2750
aug.06	750	2000	2250	2250	2250
<b>Pst. endring</b>	<b>0,0</b>	<b>0,0</b>	<b>-18,2</b>	<b>-18,2</b>	<b>-18,2</b>
<b>Hedmark</b>					
aug.05	2442	2734	2734	2734	2734
aug.06	2011	2250	2250	2250	2250
<b>Pst. endring</b>	<b>-17,6</b>	<b>-17,7</b>	<b>-17,7</b>	<b>-17,7</b>	<b>-17,7</b>
<b>Oppland</b>					
aug.05	2745	2745	2745	2745	2745
aug.06	2250	2250	2250	2250	2250
<b>Pst. endring</b>	<b>-18,0</b>	<b>-18,0</b>	<b>-18,0</b>	<b>-18,0</b>	<b>-18,0</b>
<b>Buskerud</b>					
aug.05	1478	2274	2750	2750	2750
aug.06	1263	2049	2250	2250	2250
<b>Pst. endring</b>	<b>-14,6</b>	<b>-9,9</b>	<b>-18,2</b>	<b>-18,2</b>	<b>-18,2</b>
<b>Vestfold</b>					
aug.05	972	1721	2723	2750	2750
aug.06	659	1271	1883	2250	2250
<b>Pst. endring</b>	<b>-32,3</b>	<b>-26,2</b>	<b>-30,8</b>	<b>-18,2</b>	<b>-18,2</b>

Tabell 2 a (framhald) Gjennomsnittlige månedssatsar for fylke og bruttoinntekt

Fylke	Månadssats, utan kost				
	Bruttoinntekt kr.				
	Min	250000	375000	500000	Maks
<b>Telemark</b>					
aug.05	920	2256	2729	2738	2738
aug.06	752	1858	2209	2250	2250
<b>Pst. endring</b>	<b>-18,2</b>	<b>-17,6</b>	<b>-19,1</b>	<b>-17,8</b>	<b>-17,8</b>
<b>Aust-Agder</b>					
aug.05	1106	1565	2742	2742	2742
aug.06	1054	1494	2245	2245	2245
<b>Pst. endring</b>	<b>-4,7</b>	<b>-4,5</b>	<b>-18,1</b>	<b>-18,1</b>	<b>-18,1</b>
<b>Vest-Agder</b>					
aug.05	1565	1981	2748	2750	2750
aug.06	1286	1600	2233	2250	2250
<b>Pst. endring</b>	<b>-17,8</b>	<b>-19,2</b>	<b>-18,7</b>	<b>-18,2</b>	<b>-18,2</b>
<b>Rogaland</b>					
aug.05	705	1597	2498	3078	3078
aug.06	379	1165	1475	1863	2250
<b>Pst. endring</b>	<b>-46,3</b>	<b>-27,1</b>	<b>-41,0</b>	<b>-39,5</b>	<b>-26,9</b>
<b>Hordaland</b>					
aug.05	992	2750	2750	2750	2750
aug.06	847	2250	2250	2250	2250
<b>Pst. endring</b>	<b>-14,7</b>	<b>-18,2</b>	<b>-18,2</b>	<b>-18,2</b>	<b>-18,2</b>
<b>Sogn og Fjordane</b>					
aug.05	1638	2467	2467	2679	2679
aug.06	1369	1839	2077	2250	2250
<b>Pst. endring</b>	<b>-16,4</b>	<b>-25,4</b>	<b>-15,8</b>	<b>-16,0</b>	<b>-16,0</b>
<b>Møre og Romsdal</b>					
aug.05	2750	2750	2750	2750	2750
aug.06	1918	2250	2250	2250	2250
<b>Pst. endring</b>	<b>-30,2</b>	<b>-18,2</b>	<b>-18,2</b>	<b>-18,2</b>	<b>-18,2</b>



Tabell 2 a (framhald) Gjennomsnittlige månedssatsar for fylke og bruttoinntekt

Fylke	Månadssats, utan kost				
	Bruttoinntekt kr.				
	Min	250000	375000	500000	Maks
<b>Sør-Trøndelag</b>					
aug.05	2688	2738	2738	2738	2738
aug.06	2213	2250	2250	2250	2250
Pst. endring	-17,7	-17,8	-17,8	-17,8	-17,8
<b>Nord-Trøndelag</b>					
aug.05	2719	2719	2719	2719	2719
aug.06	2237	2237	2237	2237	2237
Pst. endring	-17,7	-17,7	-17,7	-17,7	-17,7
<b>Nordland</b>					
aug.05	2685	2685	2685	2685	2685
aug.06	2250	2250	2250	2250	2250
Pst. endring	-16,2	-16,2	-16,2	-16,2	-16,2
<b>Troms</b>					
aug.05	2654	2654	2654	2654	2654
aug.06	2233	2233	2233	2233	2233
Pst. endring	-15,8	-15,8	-15,8	-15,8	-15,8
<b>Finnmark</b>					
aug.05	2549	2549	2585	2585	2585
aug.06	2216	2216	2251	2251	2251
Pst. endring	-13,1	-13,1	-12,9	-12,9	-12,9
<b>Heile landet totalt</b>					
aug.05	1528	2352	2698	2753	2753
aug.06	1263	1888	2169	2225	2249
Pst. endring	-17,3	-19,7	-19,6	-19,2	-18,3

**Tabell 2 b Gjennomsnittleg årsbetaling for fylke og bruttoinntekt**

Fylke	Årsbetaling, inkludert kostpenget									
	Eit barn, bruttoinntekt kr.					To barn, bruttoinntekt kr.				
	Min	250000	375000	500000	Maks	Min	250000	375000	500000	Maks
<b>Østfold</b>										
aug.05	24723	30564	33014	33014	33014	42858	52789	56954	56954	56954
aug.06	20814	20814	27554	27554	27554	36225	36225	47683	47683	47683
<b>Pst. endring</b>	<b>-15,8</b>	<b>-31,9</b>	<b>-16,5</b>	<b>-16,5</b>	<b>-16,5</b>	<b>-15,5</b>	<b>-31,4</b>	<b>-16,3</b>	<b>-16,3</b>	<b>-16,3</b>
<b>Akershus</b>										
aug.05	10043	27403	30351	31185	31185	17353	46866	51877	53296	53296
aug.06	8504	16702	24939	25624	25624	14719	28656	42659	43823	43823
<b>Pst. endring</b>	<b>-15,3</b>	<b>-39,0</b>	<b>-17,8</b>	<b>-17,8</b>	<b>-17,8</b>	<b>-15,2</b>	<b>-38,9</b>	<b>-17,8</b>	<b>-17,8</b>	<b>-17,8</b>
<b>Oslo</b>										
aug.05	8250	22000	30250	30250	30250	14025	37400	51425	51425	51425
aug.06	8250	22000	24750	24750	24750	14025	37400	42075	42075	42075
<b>Pst. endring</b>	<b>0,0</b>	<b>0,0</b>	<b>-18,2</b>	<b>-18,2</b>	<b>-18,2</b>	<b>0,0</b>	<b>0,0</b>	<b>-18,2</b>	<b>-18,2</b>	<b>-18,2</b>
<b>Hedmark</b>										
aug.05	28084	31295	31295	31295	31295	48111	53569	53569	53569	53569
aug.06	23361	25988	25988	25988	25988	40084	44550	44550	44550	44550
<b>Pst. endring</b>	<b>-16,8</b>	<b>-17,0</b>	<b>-17,0</b>	<b>-17,0</b>	<b>-17,0</b>	<b>-16,7</b>	<b>-16,8</b>	<b>-16,8</b>	<b>-16,8</b>	<b>-16,8</b>
<b>Oppland</b>										
aug.05	32019	32019	32019	32019	32019	54966	54966	54966	54966	54966
aug.06	26603	26603	26603	26603	26603	45751	45751	45751	45751	45751
<b>Pst. endring</b>	<b>-16,9</b>	<b>-16,9</b>	<b>-16,9</b>	<b>-16,9</b>	<b>-16,9</b>	<b>-16,8</b>	<b>-16,8</b>	<b>-16,8</b>	<b>-16,8</b>	<b>-16,8</b>
<b>Buskerud</b>										
aug.05	17753	26501	31742	31742	31742	30176	43298	51159	51159	51159
aug.06	15401	24051	26258	26258	26258	26146	39120	42431	42431	42431
<b>Pst. endring</b>	<b>-13,3</b>	<b>-9,2</b>	<b>-17,3</b>	<b>-17,3</b>	<b>-17,3</b>	<b>-13,4</b>	<b>-9,6</b>	<b>-17,1</b>	<b>-17,1</b>	<b>-17,1</b>
<b>Vestfold</b>										
aug.05	11599	19834	30854	31152	31152	19684	32713	50054	50560	50560
aug.06	8169	14904	21638	25674	25674	14062	24682	35301	41739	41739
<b>Pst. endring</b>	<b>-29,6</b>	<b>-24,9</b>	<b>-29,9</b>	<b>-17,6</b>	<b>-17,6</b>	<b>-28,6</b>	<b>-24,5</b>	<b>-29,5</b>	<b>-17,4</b>	<b>-17,4</b>

**Tabell 2 b (framhald) Gjennomsnittleg årsbetaling for fylke og bruttoinntekt**

Fylke	Årsbetaling, inkludert kostpengar									
	Eit barn, bruttoinntekt kr.					To barn, bruttoinntekt kr.				
	Min	250000	375000	500000	Maks	Min	250000	375000	500000	Maks
<b>Telemark</b>										
aug.05	11318	26020	31218	31318	31318	18982	42800	51166	51316	51316
aug.06	9479	21644	25496	25952	25952	15966	35685	41904	42588	42588
Pst. endring	-16,2	-16,8	-18,3	-17,1	-17,1	-15,9	-16,6	-18,1	-17,0	-17,0
<b>Aust-Agder</b>										
aug.05	12508	17554	30505	30505	30505	21229	29809	51826	51826	51826
aug.06	11940	16780	25036	25036	25036	20286	28513	42550	42550	42550
Pst. endring	-4,5	-4,4	-17,9	-17,9	-17,9	-4,4	-4,3	-17,9	-17,9	-17,9
<b>Vest-Agder</b>										
aug.05	17449	22027	30458	30485	30485	29629	37363	51649	51688	51688
aug.06	14381	17839	24805	24988	24988	24416	30258	42079	42382	42382
Pst. endring	-17,6	-19,0	-18,6	-18,0	-18,0	-17,6	-19,0	-18,5	-18,0	-18,0
<b>Rogaland</b>										
aug.05	7791	16790	25547	30774	30774	13401	29106	44388	53673	53673
aug.06	5578	14226	17637	21909	26163	9907	24563	30359	37617	44848
Pst. endring	-28,4	-15,3	-31,0	-28,8	-15,0	-26,1	-15,6	-31,6	-29,9	-16,4
<b>Hordaland</b>										
aug.05	10924	30255	30255	30255	30255	18523	51385	51385	51385	51385
aug.06	9426	24862	24862	24862	24862	16763	45234	45234	45234	45234
Pst. endring	-13,7	-17,8	-17,8	-17,8	-17,8	-9,5	-12,0	-12,0	-12,0	-12,0
<b>Sogn og Fjordane</b>										
aug.05	19045	28161	28161	30499	30499	32542	48447	48447	52420	52420
aug.06	16082	21257	23875	25776	25776	27531	36329	40779	44010	44010
Pst. endring	-15,6	-24,5	-15,2	-15,5	-15,5	-15,4	-25,0	-15,8	-16,0	-16,0
<b>Møre og Romsdal</b>										
aug.05	30667	30667	30667	30667	30667	52047	52047	52047	52047	52047
aug.06	22066	25716	25716	25716	25716	37629	43833	43833	43833	43833
Pst. endring	-28,0	-16,1	-16,1	-16,1	-16,1	-27,7	-15,8	-15,8	-15,8	-15,8

**Tabell 2 b (framhald) Gjennomsnittleg årsbetaling for fylke og bruttoinntekt**

